

## 5. Orientering til SU /SMU 23.09.14 frå rektor

- a). **Valfag:** Skulen har 4 valfag: Fysak, sal og scene, design og TIP. Valfaga er populære fag - i regelen utan lekser - der elevane får arbeide med emne dei liker og er motiverte for. Fysak og TIP har så langt vore dei mest tilsøkte. Over tid vil valfaga kunne endre seg slik at skulen kan tilby andre fag avhengig av elevane sine val og skulen sine føresetnader for å kunne møte vala. Valfaga er 2 t/v.
- b). **Tilvalsfag:** Skulen tilbyr og har fagdekking i faga: engelsk, fransk, tysk og arbeidslivsfag. ALF er svært omtykt og elevane utfører godt arbeid.
- c). **Personalalet:** er 2 ned frå sist år. 1407 % lærar fordelt på 17 personar og 250 % assistent fordel på 4 personar.  
3 lærarar er i vidareutdanning, 2 på statleg ordning (redusert undervisning) og ein med stipendordning. Fag: 2 matematikk, 1 naturfag. Dvs. Realfaga er prioriterte
- d). **Lærermateriell:** Skulen er godt forsynt med lærebøker og IT - hjelpemiddel sjølv om alt materiell eldes med åra. Dette året ser ut til å gå utan større utskiftingar.
- e). **Elevtilgangen:** er jamn , men kanskje noko låg med 9.steget som det minste med 32 elevar. Det er alltid spennande å sjå kor mange elevar som kjem frå Leiknes. Vi har håp om at fleire enn 5 -som så langt er rekorden- vil velje Ostereidet. Skulen har over 2 klassar, men hadde fått minst 10 elevar til.
- f). **FOU - arbeidet:** Skulen har to store prosjekt der lærarane skal forbetre seg: LeseLOS og Klasseleiing. LeseLOS eller læringslos går ut på at elevane skal lære seg visse teknikkar som er tenlege når dei møter ny tekst eller skal lære seg noko nytt. Førlesing for å aktivisere sin eigen forkunnskap og gjere seg opp ei mening om kva eit kapittel handlar om, ulike leseteknikkar, studieteknikk og metakognisjon eller å snakke om det ein har lært og spinne vidare på det.

Klasseleiing er for lærarane, men vil sjølv sagt ha mykje å seie for elevane. Arbeidsro og fagleg fokus kan vere stikkord for dette. Struktur, relasjonar, læringskultur, motivasjon og forventningar er hovudstikkord for dette temaet. Klasseleiing er vårt val og del av ein stor nasjonal satsing på Ungdomstinn i Utvikling (UiU). Heile Noreg skal utviklast. Klasseleiing, skriving, lesing, rekning og organisasjonsutvikling er merkesteinane i satsinga.



**g) Undersøkingar:** Kjem på løpende band no i haust.

Foreldreundersøkinga vert teken i samband med foreldresamtalane.

Elevundersøkinga vert teken for alle elevar på skulen.

Lærarundersøkinga vil bli avvikla samstundes.

Det er viktig for skulen at flest mogleg svarer på undersøkingane. På det viset får skulen ei tilbakemelding om vi er på rett veg etter det de som brukarar meiner. Det er også interessant at skulen kan samanlikne seg med seg sjølv over tid på mange av dei måla som vert tekne.

